

Fra: Sigrun Heskestad (Sigrun.Heskestad@helsedir.no)

Sendt: 05.02.2020 16:17:32

Til: grete.prestegard@hamaroy.kommune.no; kjersti@vardobaiki.no; sorsamiskhelsenettverk@gmail.com; annelajla@gmail.com; June Brita Eira; ann-karin.andorsen@tysfjord.kommune.no; Linn.Sylvi.Steignes@kafjord.kommune.no; ester.bronstad@snasa.kommune.no; Inger.Eira-Ahren@snasa.kommune.no

Kopi: postmottak@hamaroy.kommune.no; postmottak@roros.kommune.no; postmottak@snasa.kommune.no; postmottak@tysfjord.kommune.no; postmottak@kafjord.kommune.no; lisbeth.vesterheim.skoglund@samediggi.no; Inga.Margrethe.Eira.Bjorn@samediggi.no; Helga Katharina Haug; Berit Kvalvaag Grønnestad; Hyesun Lee; Kautokeino kommune; Øyvind Giæver

Emne: Ny søknadsfrist 2020 for tilskotsordning Fagutvikling og kompetanseheving i omsorgstjenestene til samiske brukere

Vedlegg:

Hei

Vi sender denne meldinga til dykk som var i kontakt med Helsedirektoratet i 2019 om aktuell tilskotsordning.

Helsedirektoratet vil gjere merksam på at de nå kan søkje midlar for 2020 frå tilskotsordninga *Fagutvikling og kompetanseheving i omsorgstjenestene til samiske brukere*. Det er sett av 1,2 millionar kroner til tilskotsordninga i 2020. De finn meir informasjon her:

<https://www.helsedirektoratet.no/tilskudd/fagutvikling-og-kompetanseheving-i-omsorgstjenestene-til-samiske-brukere>

Søknadsfrist er 15. mars 2020.

Helse- og omsorgsdepartementet vedtek regelverk for tilskotsordninga, som de finn i lenka over. I tilskotsregelverket blir det bl.a. opplyst om følgjande:

- *Tilskuddet tildeles ett eller flere eksisterende fagmiljøer som har kompetanse på samisk språk og kultur.*
- *Tiltakene som det er bevilget midler til tidligere, kan vise til gode resultater og har overføringsverdi, vil bli prioritert.*

Dette vil liggje til grunn når Helsedirektoratet saman med Sametinget vil fordele midlane i 2020. Tilskotet i 2019 vart delt mellom tre kommunar/kompetansmiljø på samisk kultur som representerer kvart av dei tre samiske språka; sørsamisk, lulesamisk og nordsamisk. Målet er at desse tre aktørane skal samarbeide med kommunar og institusjonar innan sitt språkområde for å nå målet i tilskotsordninga.

Sidan det vart løyvt midlar svært seint i 2019, forventar Helsedirektoratet at søkjarar av tilskotet i 2020 også vil søkje om overføring av ubrukte midlar frå 2019. Tilskotsreglementet gir høve til dette, sjå under:

- Hvis dere skal søke om ytterligere tilskudd på samme ordning for påfølgende tilskuddsår, skal ubrukte midler fra fjoråret inngå i søknaden. Marker i feltet "Videreføring av tiltak som har fått tilskudd av Helsedirektoratet" (side 2 i søknadsskjemaet). Henvis til saksnummer og oppgi ubrukte midler fra året før i budsjettet (side 4 i søknadsskjemaet). Det totale søknadsbeløpet skal inkludere både ubrukt tilskudd og ønske om nytt tilskudd.*
- Dersom dere ikke har tenkt å søke ytterligere midler på denne ordningen for tilskuddsåret, skal dere sende en søknad om overføring av de ubrukte midlene.*

Før Helsedirektoratet kan utbetale tilskotet, må tidlegare mottakarar av tilskot i 2019 rapportere på dette. **Frist for rapportering på Altinn for 2019: 1. april 2020** (<https://www.helsedirektoratet.no/tilskudd/fagutvikling-og-kompetanseheving-i-omsorgstjenestene-til-samiske-brukere>).

Helsedirektoratet minner om at de kan gjerne leggje ved meir utfyllande prosjektplan i årets søknad enn det som var mogeleg i søknaden i desember 2019.

Kontakt i Helsedirektoratet:

Hyesun Lee, tlf. 468 80 186, Hyesun.Lee@helsedir.no

Sigrun Heskestad, tlf. 906 30 899, Sigrun.Heskestad@helsedir.no

Vi vil samstundes ønskje dykk god feiring av samefolkets dag i morgon!

Vennleg helsing

Sigrun Heskestad
Prosjektleiar Kompetanseløft 2020
Avdeling kommunale helse- og omsorgstenester/N6014
Mobil 906 30 899

Helsedirektoratet
Postadresse: Pb 220 Skøyen, 0213 Oslo
Besøksadresse: Vitaminveien 4, 0485 Oslo
<https://helsedirektoratet.no> <https://helsenorge.no/>

This email has been scanned by the Symantec Email Security.cloud service.
For more information please visit <http://www.symanteccloud.com>
